



Statsforvaltaren i Møre og Romsdal
Postboks 2520
6404 MOLDE

Dykkar ref.:
2017/7008/JOER/421.4

Vår ref.:
19/430 - 32 / ARIRIN

Dato:
03.05.2021

Detaljregulering for Berli Boligtun - Førespurnad om å trekkje motsegn knytt til støy

I fråsegn til avgrensa høyring og føresepurnad om å trekke motsegn har Statsforvaltaren valgt å oppretthalde motsegna knytt til støy til planforslaget kan dokumentere at alle bueiningane kan oppnå stille side og eigna uteopphaldsareal.

Støykonsulent har no gjort ein oppdatering i støyrapporten når det gjeld å dokumentere at alle bueiningar kan oppnå si stille side og at støyskjerm på 1,5 meter på balkongar i 2. og 3. etasje er nok for å oppnå tilfredstillande støyntivå på privat uteopphaldsareal. Krav knytt til anbefalingane i støyrapporten er tatt inn i føresegnene.

Støyskjerming av balkonger:

I støyrapporten side 9 står det:

«For situasjonen ved balkonger viser beregning at en skjerm/ tett rekkverk med 1,5m høyde over gulv vil gi tilfredsstillende skjerming. Dette er vist i figur 8. Det er knyttet noe usikkerhet til presisjonen ved beregningen, men basert på beregnet effekt (støyreduksjon på 8-10dB), samt tatt i betraktning høydeforskjellen mellom balkonger og støykilde, vurderes det at en skjerm på 1,5m vil tilfredsstillende grenseverdi for uteplass på balkonger. I tilfeller hvor det er balkong / tak over, må det monteres lydabsorberende matte i underkant av balkong/tak. Det kan være en direkte monterert 50mm tykk mineralullplate som evt. kan dekkes med f.eks. trespiler (min. 50% åpningsgrad), en perforert metallplate eller netting.»

I føresegnene § 2.12, 2. avsnitt er til krav til at *«Altanar og balkongar skal skjermast med tette rekkverk med høgde 1,5m over ferdig gulv i andre og tredje etasje, for å sikre tilfredsstillande lydtilhøve. Høgden kan reduserast for andre etasje hvis det likevel kan dokumenterast tilfredsstillande støytilhøve av fagkunnig. Deler av rekkverk skal vere av glas for å sikre lys og utsyn. Ved tak over balkong skal det monterast absorbent i himling for overdekt areal.»*

Stille side for alle bueingar:



Det har vore utfordring med å oppnå stille side for alle bueingar. For å oppnå stille side for alle bueingar står det i støyrapporten at «*Støyskjerm med høgde 1,5m over svalgang må også påregnes for å oppnå stille side på østsiden av leiligheter lengst mot sør.*»

Figur 6 og 8 i støyrapporten viser punktberäkninger med denne støyskjermen over svalgang i 2. og 3 etasje.

I føresegnene § 2.12, 3. avsnitt er det krav til at «*Ved dei sydlegaste bustadane skal svalgang vere skjerma opp til 1,5m høgde over gulv mot syd på andre etasje og tredje etasje.*»

Rekkjefølgjekrav ved søknad om rammeløye i § 7.1, 2. avsnitt er som tidlegare:

«*Det skal leggjast ved støyrapport som syner at ein oppnår tilfredstillande støytilhøve i henhold til føresegner.*»

Kommunen si vurdering:

Planområder er som de er klar over svært utfordrande plassert med tanke på støy frå 2 trafikkerte veger. Det har i planprosessen vore behov for ein del tilpassningar og tiltak/krav som må til for å kunne oppnå det som definerast som tilfredstillande lydtilhøve for bustadbebyggelse. Det siste har no vore kva må til av støyskjerming for private uteopphaldsareal på balkonger og dokumentasjon på at alle bueiningar oppnår stille side.

Støykonsulent har i siste revidering av støyrapporten konkludert med at ein oppnår tilfredstillande støytilhøve på balkongar med skjerm/tett rekkverk med høgde 1,5 meter over golv. Om det er tak over balkong må det monterast lydabsorberande matte i taket. Dette er tatt inn i føresegnene. Ein oppnår difor dei naudsynte reduksjonen i desibel med ein skjerm/tett rekkverk på 1,5 meter. Det er difor ikkje naudsynt med innglassing eller tilnærma innglassing for å oppnå tilfredstillande støytilhøve. I figur 8 i støyrapporten har støykonsulenten illustrert at ein oppnår støyreduksjon på 8-10 db på balkong med 1,5 meter skjerm på ei gitt leiligheit i 3. etasje mot fylkesvegen.

For å oppnå stille side for alle bueiningar har støykonsulenten foreslått å plassere støyskjerm på svalgangen i 2.- og 3. etasje heilt sør i området. Med ei høgde på denne skjermen på 1,5 meter oppnår ein støyverdier under 55 db. Ifølge tekst og illustrasjonane for kvar etasje i støyrapporten, vil ein med desse tiltaka oppnå stille side for alle bueiningar.

Konklusjon

Kommunen ber Statsforvaltaren vurdere om tilleggsvurderingane og konklusjonen som er gjort knytt til støy i støyrapport og krav satt i føresegnene, er tilfredstillande for å kunne trekkje motsegna til planen.

Håper på ei snarleg avklaring og tilbakemelding frå Statsforvaltaren.

Med helsing

Arild Sunde Rinnan
arealplanleggar

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ingen signatur

Vedlegg
notat



Vedlegg
reguleringsføresegner
planomtale

Kopi til

Sapdesign As

Slyngstad Aamlid Arkitekter AS

Postboks 167

Kongens gate 24

6239

6002

SYKKYLVEN

ÅLESUND